

Partnerskapsavtale
mellom
Hordaland fylkeskommune og HOG Energi

1. Formål

Hordaland fylkeskommune og HOG Energi skal samarbeide om å styrke det regionale næringsutviklingsarbeidet knytt til energisektoren i Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland (HNN).

2. Målsettingar

Partnerskapsavtalen skal medvirke til å realisere fylkeskommunale mål og strategiar for næringsutvikling knytt til energisektoren, slik dette er formulert i gjeldande regionale planar på området, med særleg vekt på innsatsområda i HNN. I dei årlege tildelingsbrev fra fylkeskommunen kan dette bli nærare presisert.

Partnerskapen skal også medverke til å nå HOG Energi sine mål om å fremme strategiske energisaker som sikrar framtidig verdiskaping og kompetanse i regionane gjennom alliansebygging og prosjektutvikling i samspill med myndigheiter, næringsliv og FoU.

3. HOG Energi sine oppgåver og bidrag i partnerskapen

HOG Energi skal som ein del av sitt virke bistå med:

- Arbeid/oppgåver knytt til hovudstrategiane og aktuelle innsatsområde i HNN.
- Arbeid med verdiskaping, teknologiutvikling og tilrettelegging av industri og arbeidsplassar innan energisektoren.
- Medverke til utviklingsarbeid og iverksetting av konkrete prosjekt/tiltak.
- Andre oppgåver etter behov

4. Fylkeskommunen sine oppgåver og bidrag i partnerskapen

Som delvis finansiering av oppgåvene nemnt under punkt 3 skal fylkeskommunen yte eit årleg økonomisk bidrag. Dei fylkeskommunale partnerskapsmidlane skal utbetalast innan 1. april kvart år, men ikkje før rapporten for året før ligg føre og er godkjent (sjå punkt 6). Partnerskapsmidlane er ikkje til hinder for at HOG Energi kan søke prosjektfinansiering til konkrete utviklingsprosjekt.

Fylkeskommunen deltek på administrativt og/eller politisk nivå i aktivitetar og prosjekt som partnaren er ansvarleg for etter nærare avtale.

Der kor det er naturleg, skal fylkeskommunen medverke til at partnar kan dra nytte av dei ressursane og den kompetansen som fylkeskommunen sjølv, og fylkeskommunen sine andre samarbeidspartnarar rår over.

5. Organisering av arbeidet

Det blir lagt til grunn at arbeidet blir gjort i nært samarbeid med administrativ og politisk leiing i fylkeskommunen. Ut over dette er det opp til partnar å avgjere kven dei vil samarbeide med og korleis dei vil organisera og drive arbeidet.

6. Rapportering

Fortløpande rapportering og dialog skjer gjennom regelmessige møte mellom partnar og fylkeskommunen, minst 2 gonger pr år.

Innan 1. mars kvart år skal HOG Energi sende ein kortfatta rapport til fylkeskommunen. Det skal rapporterast på gjennomførte tiltak og oppnådde resultat i høve til oppgåvene nemnt under punkt 3 i denne avtalen og til dei mål og krav som blir sett i dei årlege tildelingsbreva frå fylkeskommunen. Rapporten skal gje ei kort oppsummering av bruken av partnarskapsmidlane i høve aktivitet og gjennomførte tiltak.

I tillegg skal HOG Energi også sende årsmeldinga og revisorattestert årsrekneskap til fylkeskommunen så snart dette ligg føre.

7. Tidslengd, beløp, oppseiing og innsyn

Denne avtalen gjeld frå 2018 og til og med 2020 med eit årleg partnarskapsbidrag på kr 500 000.

Det årlege partnarskapsbidraget frå fylkeskommunen kan bli justert som følge av den årlege budsjetthandsaminga i fylkeskommunen og/eller som følge av endra nasjonale rammer og tildelingar til regional utvikling i fylkeskommunane. Større endringar i dei fylkeskommunale rammene for ordninga gir HOG Energi rett til å seie opp avtalen.

Større endringar i organisering, eigarskap eller overordna strategi for HOG Energi gir fylkeskommunen rett til å reforhandla eller seie opp partnarskapsavtalen. Det blir i denne samanheng vist til den pågåande strategiprosessen i HOG Energi.

Ved mislighald kan begge parter seie opp avtalen med 1 månads varsel.


Dersom HOG Energi blir lagt ned eller misligheld avtalen, kan fylkeskommunen krevje heile, eller deler av, partnarskapsmidlane tilbakebetalt.

Fylkeskommunen eller fylkeskommunen sin revisor har til ei kvar tid høve til å kontrollere at vilkåra for tilskottet blir helde. HOG Energi plikter å gje dei opplysningane som fylkeskommunen ber om.

Bergen, 8. mars 2018

For Hordaland fylkeskommune

For HOG Energi



Bård Sandal
Fylkesdirektør regional utvikling



Ove Lunde
Daglig leder